

**Saksframlegg****Julistengt barnehage**

Utval	Utvallsak	Møtedato
Hovudutval for oppvekst, kultur og omsorg		
Kommunestyret		

Endeleg vedtaksrett i saka har:**Bakgrunn for saka:****Vedtak i kommunestyret 16.06.16**

Kommunestyret ynskjer at det blir føreteke ei registrering av faktisk bruk av barnehagetilbod i juli månad 2016, som skal danne grunnlag for vedtak om barnehagen i framtida skal ha stengt i juli månad.

Vurdering/konklusjon:

Saka er vurdert ut frå følgjande mål i økonomiplanen for 2017 - 2020/måla i budsjettet for 2017 i sektor for kultur og oppvekst. Me skal ha eit godt og konstruktivt samarbeid med føresette til beste for barnet.

Det er vanskeleg å få eit nøyaktig tal på sparing ved julistengt i barnehagen, men ca kr 50000,- er det økonomisjefen seier kan vere ei sparing. Historikken i fleire år er at vi har vore overbemanna mange gonger i løpet av ferieperiodar. For drifta er ikkje dette bra, for dei barna som har fått ein ekstra fridag i løpet av sommaren er det veldig bra. Vedtektene til Fyresdal barnehage seier at barn må ha 3 veker samanhengande ferie i perioden 15.06 – 15.08. Når det gjeld registreringa sumar 2016 er det sjølv sagt eit avvik mellom barn som skulle ha møtt og det faktiske oppmøte pr dag. Men i alt er det ikkje det store avviket. Det dreiar seg frå 1-8 barn som ikkje møtte, med eit par dagar større avvik. I registreringa ligg også barns sjukdom. Noko ein alltid må pårekne. Barnehagen har fleire born på 4-5 dagars tilbod. Dette er veldig bra, men gjer at fråværet er meir merkbar. Barnehagen har også fleire 1-2 åringar. Små barn blir teke mindre ut i fri, spesielt dersom dei ikkje har store sysken. Hovudferien til dei tilsette er stor sett frå og med veke 28 og til og med veke 31.

Under viser oversikt over registrering:

Dag	Veke 27					Veke 28					Veke 29					Veke 30				
	M	TY	O	TO	F	M	TY	O	TO	F	M	TY	O	TO	F	M	TY	O	TO	F
Antall barn som skulle møtt	29	28	23	29	29	25	24	23	25	26	13	9	12	12	14	14	14	11	10	14
Antall barn som møtte	25	21	16	14	10	21	18	18	24	18	10	8	9	11	10	9	9	8	9	11
Avvik	4	7	7	15	19	4	6	5	1	8	3	1	3	1	4	5	5	3	1	3

Å stenge barnehagen juli måned kan vere eit dårlegare tilbod til både barn og foreldre i kommunen. Det vil nok også få store utfordringar for nokon av familiane, som ikkje har nær familie til t.d. barnepass. Stenger ein barnehagen heile juli vil dette likevel bare vere ei veke ekstra fri hovudferie, men styrt fri til juli måned. Dette vil også kanskje få utfordringar hos andre arbeidsgjevarar i Fyresdal kommune.

Samtidig ser barnehagen at det går mykje tid til arbeidet med sommarturnus, der all ferie til både brukarar og tilsette skal gå i hop. Grunna større barnehagerupper må barnehagen leige inn vikarar på sumaren. Likevel kan vi vere overbemanna då barn som skulle møtt opp ikkje møter. Desse tala balanserar sjølvstakt ikkje.

Det er også viktig for drifta at tilsette tek ut mest ferie i den perioden det er minst barn, nemleg sumaren.

Innstilling frå rådmannen:

Fyresdal kommune går ikkje inn for juli-stengt barnehage.

Ketil O. Kiland	
rådmann	Liv Johre Bakke
	barnehagestyrar